



Arkivsak 200908393-2  
Arkivnr. 313  
Saksh. Døskeland, Inge

**Saksgang**

Fylkesutvalet

**Møtedato**

18.11.2009 - 19.11.2009

## **HØRING AV FORSLAG OM NYE BESTEMMELSER FOR TILLATELSE TIL AKVAKULTUR AV LAKS - ØRRET OG REGNBUEØRRET TIL SÆRLIGE FORMÅL**

---

**SAMANDRAG**

Fiskeri- og kystdepartementet tek sikte på å innføre nye bestemmelser for løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure til særlege føremål. Viktige vurderingar er storleik av løyve til undervisningsføremål, løyve til etablering av fiskeparkar, slaktemerdar og visningsløyve.

Høyringsfrist er sett til 18. november 2009

**FORSLAG TIL VEDTAK**

- 1 Hordaland fylkeskommune meiner mange av løyvetypene i denne forskrifta har viktige funksjonar for opplæring, forskning, folkehelse og reiseliv og stør modernisering av regelverket
- 2 Hordaland fylkeskommune er positiv til at storleiken på fleire av løyvtypene til særlege føremål kan tildelast på eit nivå som er realistisk i høve til kommersielt matfiskoppdrett
- 3 Hordaland fylkeskommune ynskjer at forskrifta skal klårgjerast med omsyn til fylket si rolle i samband med oppgåvereforma som uttalt i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009)
- 4 Hordaland fylkeskommune ynskjer at løyve til "fiskepark" vert tidsavgrensa til meir enn 5 år og at storleiken vert vurdert i kvart tilfelle utan tak på 2 tonn produksjon
- 5 Det er ønskeleg at fylkeskommunen vert konsultert og trekt inn ved oppretting av faggrupper, og som bidragsytarar i desse. Dette gjeld særleg for dei løyvetypene som er relevante for vidaregåande opplæring og for regional utvikling

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg:  
Høyringsbrev med forskrift

## **1. Bakgrunn**

Saka gjeld endring i forskrift for tildeling av oppdrettsløyve til særlege føremål. Særlege oppdrettsføremål i denne saka er;

- oppdrett av matfisk til **forskning**
- akvakultur av matfisk til **fiskepark** skal nyttast som rekreasjons- og fritidstilbod for publikum
- akvakultur i **slaktemerd** som skal nyttast til kortvarig oppbevaring ved slakteriet av slakteklar matfisk
- akvakultur av matfisk til **undervisning** som skal bidra til at undervisningsinstitusjonane skal kunne tilby attraktiv, realistisk og kvalitativ god undervisning i praktisk akvakultur og akvakulturregelverk og der igjennom bidra til rekruttering av personell med relevant kompetanse til akvakulturnæringa
- akvakultur av matfisk til **visningsføremål** som skal bidra til å styrke kunnskapen om akvakultur hos publikum

Fiskeridirektoratet har mynde til å gje desse løyva etter ei fagleg vurdering.

Jamfør Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) om overføring av oppgåver til fylkeskommunane skal: ”..løyve til spesielle formål - forsknings-, undervisnings-, stamfisk-, utstillings- og visnings-konsesjoner mv. tildeles av Fiskeridirektoratet sentralt, og **omfattes derfor ikke av overføringen til det folkevalgte regionale nivået**”. Vidare: ”det bemerkes imidlertid at det påfølgende arbeidet med lokalitetsklareringer, arealavveiningar mv. i tilknytning til sluttbehandling og utstedelse av tillatelse **foreslås utført av fylkeskommunene**...”

Løyva er mellombelse for 10 år av gongen med unntak av løyve til fiskepark som vert gitt for 5 år av gongen, og løyve til stamfisk- og forskingsløyve som vert gitt 15 år av gongen.

Det vert skildra ei rekkje særskilte krav for kvar av løyvetypane i forskrifta. Mellom anna at undervisningsløyve berre vert gitt til fylkeskommune eller privat skule som vil tilby elevar eit undervisningsopplegg som er godkjent av departementet, og som fører fram til tilbod om fagbrev ved skulen. Vidare for visningsløyve at avstand til andre visningsanlegg, og om verksemda vil ligge i nærleiken av andre større turistmål, skal vurderast.

Det vert foreslått oppretta fleire rådgejvande utval som skal gje fiskeridirektoratet fagleg bistand ved tildeling av løyve. Råda skal opprettast av fiskeridirektoratet og bestå av mellom anna fag- og forskingsmiljø innan biologi, næring og økonomi. Ved handsaming av løyve om visningsanlegg er det spesifikt foreslått at ”det kan innhentes en faglig tilrådning frå fylkeskommunens kulturavdeling”

Maksimalt tillatt biomasse (MTB) per løyve skal ikkje overstige 780 tonn, med unntak av løyve til fiskepark som ikkje skal overstige 2 tonn.

## **2. Drøfting**

Generelt kan vi ikkje sjå at forskrifta tar tilstrekkeleg høgde for oppgåvene fylkeskommunane er tiltenkt i samband med Ot.prp. nr. 10 (2008-2009), som gjeld lokalitetsklareringar, arealavveingar mv. knytt til sluttbehandling og utsteding av løyve til særlege føremål.

Fiskeparkar vart tidlegare benemnt som ”Put and take”. Jamfør Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) er ”Put and take” i sjøvann, og rekreasjonstillatelse i ferskvann, forvaltningsoppgåver som er tenkt overført til fylkeskommunane frå 1/1 2010. Fylkeskommunen forventar at denne endringa i bruk av omgrep, ”fiskepark” i staden for ”Put and take”, ikkje grip inn i kva oppgåver som skal utførast av fylkeskommunen etter innføring av oppgåvereforma.

Løyve til undervisningsføremål er sær viktige for undervisning og rekruttering til næringa. Realistisk undervisning vil krevje infrastruktur og stordrift på linje med kommersielle anlegg. Det vil difor være

viktig å opne for utviding av løyve frå 130 tonn MTB i dag, til standard løyvestørrelse på 780 tonn MTB.

Fiskeparkar kan verte eit godt tilbod innan reiseliv og rekreasjon. Hordaland er eit av landets viktigaste reiselivsfylke og ynskjer å legge til rette for eit variert tilbod av opplevingar. Det er vidare interessant at fiskeparkar av denne typen kan verte inspirasjon til auka bruk av sjømat i eit folkehelseperspektiv. Storleiken på løyva til fiskeparkane bør vurderast i kvar einskild søknad i staden for i form av eit fast tak på to tonn MTB. I dei tilfella etablering av fiskeparkar vil krevje større investeringar og infrastruktur er det uheldig at løyvet vert tidsavgrensa til berre fem år. For å tiltrekkje etablering av seriøse aktørar vil det vere gunstig med meir føreseielege rammeføresetnader og lengre tidshorisont.

Bruk av omgrepet ”visningstillatelse” i staden for ”utstillingstillatelse” er ei god endring som òg er meir i tråd med ordet ”visningsanlegg” som er i vanleg bruk. Fylkeskommunen meiner det ikkje bør lovregulerast avgrensing i tal visningsanlegg. Det vil kunne verke hemmande på utvikling av nye konsept. Vi er einige i at maksimalt tilatt biomasse for visningsanlegga bør aukast frå dagens 500 tonn til standard løyvestørrelse på 780 tonn. Grunngevinga for dette er å vise realistisk driftsopplegg, moderne oppdrettsteknologi i fullskala og for å sikre økonomisk bærekraft for anlegga. Det er vidare ønskeleg at fylkeskommunen vert konsultert og trekt inn ved oppretting av faggruppas, og som bidragsytarar i desse. Dette gjeld særleg for dei løyvetypane som er relevante for vidaregåande opplæring og for regional utvikling. Sidan dei ulike fylkeskommunane har ulik organisering gjer vi merksam på at forskrifta ikkje bør presisere ”fylkeskommunens kulturavdeling”, men heller referere til ”fylkeskommunen” som part.